



FJALER KOMMUNE
Ordførar

Samferdsleminister Kjetil Solvik-Olsen

Vår ref.
15/98-3/AHE
15/823

Dykkar ref.

Arkiv
K2-N61, K3-&00

Dato:
04.02.2015

Ny postlov - høyring

Vedlagt følgjer Fjaler kommune sin høyringsuttale til ny postlov.

Uttalen vart samrøystes vedteken i kommunestyret sitt møte 26.01.15.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Arve Helle".

Arve Helle
ordførar

Direkte tlf: 91737562

Høyringsuttale frå Fjaler kommunestyre til ny postlov

Fjaler kommunestyre er overraska over at lokaldemokratiet i kommunestyrer ikkje er høyringsinstans i ei så viktig sak som posttenesta. Vi vil likevel gje uttrykk for kva vi meiner, og ber partia på Stortinget ta det med i si vidare vurdering.

Fjaler kommunestyre krev at den nye postlova legg tilrette for likebehandling mellom alle område i landet. Det er ikkje rett å innføre ordningar som aukar skilnaden mellom sentrale områder / byane og dei meir spreiddbygde områda i landet.

Vi ser heller ingen grunn til at Norge skal tilpasse seg EU i ei sak der EU-land sjølv opponerer og ser seg om etter betre løysingar.

Til dei viktigaste spørsmåla vil Fjaler kommunestyre uttale:

1. LAURDAGSPOST

Det må vere ombering av post på laurdagar, slik at både lokalaviser og riksaviser kan kome fram til alle abonnentar.

Det må også sikrast ei ordning for sending av biologisk materiale frå legekontor til laboratorium. Det samme med medisin frå apotek til forbrukar. Om ikkje dette blir gjort, stenger ein i realiteten livsviktige tenester i distrikta frå torsdag til mandag.

2. "ENHETSPORTO"

Høyringsframlegget legg berre opp til lik porto i heile landet for enkeltsendingar under 50 gram. Fjaler kommune krev at enhetsporto også skal gjelde for masseutsendingar. Det vil vere viktig for både offentleg og privat verksemder. Bortfall av lik porto for masseutsendingar vil vere klart konkurransevridande til fordel for byane/sentrale strok, der det vil vere marknad for konkurransen.

Slik vi les høyringsuttalen er det heller ikkje lagt opp til å nekte konkurranse på enkeltsendingar under 50 gram, noko som i realiteten vil føre til at bestemt porto for denne tenesta vil fungere som ein makspris.

3. POSTOMBERING

Fjaler kommunestyre meiner det er feil å sette grensa for unntak for postombering til tre faste heilårsbustader og/eller næringsverksemder i gjennomsnitt pr. km.

Alle som bur langs offentleg veg skal ha krav på dagleg postombering.

Avslutningsvis vil Fjaler kommunestyre stille spørsmål ved om Stortinget på sikt, når ein må kutte på offentlege ytingar, har vilje til å budsjettere med dei kostnadane som må tilførast posttenestene i distriktet. Ein slik kostnad må då dekkast over skattesetelen i staden for gjennom ei solidarisk utjamning mellom alle brukarane av posttenestene.